



Stiegler WKS Advokatfirma AS

Pb.1124 Sentrum

5809 BERGEN

Referanser:

Dykkar: Randi Hansen Våge

Vår: 15/3189 - 18/28986

Saksbehandlar:

Ketil Mikkelsen

ketil.mikkelsen@lindas.kommune.no

Dato:

21.09.2018

## Svar - Vedk opparbeiding av kommunal veg - gbnr 137/120 m.fl.

### Alver

Visar til Dykkar førespurnad om gjennomføring av veg, sånn at denne blir bygd i tråd med kommunen sine krav for communal overtaking.

#### Vegbreidder

Jf. «Vegnorm-rettleiar» pkt. 3.4, ynskjer i utgangspunktet teknisk drift følgjande asfalerte breidder i tillegg til 0,25m grus skulder:

- o\_KV01 = 5,0m
- o\_KV02 = 4,0m
- o\_FT01,02,03 = 2,5m
- o\_G05 = 2.75m / 4.0m for overordna g/s-vegnett

Reguleringsplanen er nok ikkje heilt klar på dette, men ift drift og vedlikehald vil det være ein stor fordel med skisserte breidder. Vi oppmodar utbyggjar til å streve etter desse breiddene ved bygging av veganlegget.

#### Vegoppbygging

Skissert vegoppbygging i Dykkar brev, er i tråd med krav for overtaking.

#### Øvrig

Veganlegget må og leverast med komplett overvannanlegg, belysning og skilt. Veglys må plasserast i god nok avstand til veg/fortau/gangveg for maskinell drift. Det bør og være moglegheit for snøopplag i ende av o\_KV02. Denne vegen går over i en felles privat veg, og desse kan ha ulike driftskontraktar.

Visar og til vegnorm Pkt. 2.2 – der følgjande generelle krav må være oppfylt for overtaking:

- a. Det er treft positivt vedtak i kommunen – og/eller at partane på førehand har komme til semje om ein kommunalteknisk avtale eller utbyggingsavtale. Veganlegg som vert overteke for kommunalt vedlikehald skal byggjast i samsvar med gjeldande reguleringsplan, retningslinjene i norma og godkjende tekniske planar – jfr 2.1.
- b. Veganlegget skal førast over til kommunen vederlagsfritt.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



- c. Det skal finnast ferdigattest for veganlegget.
- d. Veganlegget skal overleverast som eit heilt nytt anlegg inkl. nødvendige skilt og fartsdemparar.
- e. Det skal haldast overtakingsforretning og oppmålingsforretning som normalt vert rekvisert av den som byggjer ut. Det skal førast protokoll frå overtakings- og oppmålingsforretninga.
- f. Nye veganlegg skal overtakast i perioden 1. april – 1. september.
- g. Vegdata (koordinatbestemt senterlinje, vegkant, skilt, sluk og veglys) skal leverast til kommunen på det formatet som vert kravd frå oppmåling si geodataavdeling i god tid før overtakingsforretning. Den som byggjer ut skal dekkje alle kostnader ved innmåling. Øvrig teknisk infrastruktur som er innlemma i eller høyrer til veganlegget skal målest inn på det formatet som vert kravd frå oppmåling si geodata avdeling. Krav til innmåling satt i kommunal VA-norm, gjerast gjeldande.
- h. Veganlegg skal med mindre det er gjeve dispensasjon frå Plan- og bygningslova, vere frådelt i samsvar med reguleringsplan. Veggrunn skal gjevest eigne gards- og bruksnummer. Ved frådeling av uregulert veggrunn, skal tomtegrensa vere minimum 1 m frå vegkant.
- i. Veganlegg overtakast etter ferdigstilling. Store veganlegg kan overtakast parsellvis eller trinnvis, Jfr pkt 2.2 j. om garanti.
- j. For overtaking skal det stillast sikkerheit / bankgaranti tilsvarende NS 8405, pkt 9.2, 3. avsnitt. Dvs når kontraktsarbeidet er overteke, vert denne sikkerheita redusert til 3% av kontraktssummen for forhold som vert påkalla i løpet av dei påfølgjande 3 år, med mindre anna er avtalt. Sikkerheita fell deretter bort, med mindre den som byggjer ut har gjort ansvar gjeldande mot entreprenøren som kan krevjast dekt av sikkerheita. Det er utbyggjar som er ansvarleg for å stille sikkerheita. Eventuelt at garantien til entreprenøren ovanfor den som byggjer ut vert overført til kommunen.
- k. Drift og vedlikehald av anlegga kviler på den som byggjer ut inntil anlegga formelt er overteke av kommunen (vegeigar). Når anlegget har vore i drift i ca 1 år, vert det kalla inn til 1 års synfaring. Det vert halde ny synfaring etter 3 år for kontroll av tilstanden på asfalt dekka. Vegeigar innkallar til synfaringane.

Med helsing

Ketil Mikkelsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
Vegnorm-rettleiar 2017 for Lindås Kommune-nynorsk

**Kopi til:**  
Atle Dingen  
Rune Kilen

**Mottakarar:**  
Stiegler WKS Advokatfirma AS      Pb.1124 Sentrum      5809

BERGEN